Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 76

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Dei kloke.

Oppskr. av: Hans Vidnes.

(adresse): Fiskåbygd.

Fylke: Møre og R.

Herad: Vanylven.

Bygdelag. Syltefjorden.

Gard: Vidnes

G.nr. 24 Br.nr. 6.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I vår bygd levde ein framstående representant for dei kloke, Martinus Jonsen Årebö, fødd 1841 på Folkestad i Volda, og levde som gardbrukar og bygdedokter på Storeide, Fiskåbygd, Vanylven til 1926 då han döde. Vanleg kalla „han Martinus", eller „han Martinus Eide".

Det var ein merkeleg mann på ymse vis. Ein avdöd slektning hadde studert medisin, og Martinus las seg klok på bökene hans. Martinus var sikkert eit medisinsk skjeni, men samtidig var han „rar". Han dreiv og „telefonerte" med åndemaktene, i se

16726

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

4 2

eldre tid i alle fall.
Hermer: „Set på kaffikjelen, kjæring." „Eg ser han Jeremias komme ned av Ringefjellet". „Eg seie, farr min, ha på naut-lort". Han hadde stor tiltru, så folk søkte ofte han i staden for doktoren, og i lang tid var han dokter i desse bygder trass i rarheita. Serleg flink og kunnig var han ~~om~~ med lider og beinbrot. Han brukte å stange leden i att. Så hadde han uvanleg god høyrsel, og kunne lyje på brøstet også utanpå kleda. Han bruka mykje lyse som lakjeråd, frisk fin, som nett var rennen av levera. Så brukte han ferske kukaker for å modne svollar. Mange forteljingar går om han. Eg veit lite, men eg kan vise Dykk til ein granne, Per Storeide, Fiskåbygd. Han var ein mykje merkeleg mann, verd å samle på.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
16726

I grannebygda, Syvden, var ei klok kone, som gjekk under namnet Gjyle-Sefora. Ho heitte Sefora Myklebust, död for kring fire år sidan. Ho var ei klok kone, klok på fleire område, mellom anna var ho samlar.

„I medesin" er det ho er best kjend, ho laga til og selde flaskevis ein medesin for utslette og „gust". Det var ikkje lör, når det kan forteljast at distriktslækjar Schiötz, som no er fråflytt, hadde eit barn med utslett som doktoren sjölv ikkje visste å kurere, men laut gå til henne Jylesefora å få medesin. Eg har höyrt det vart god att, og at dokt. ville ha oppskrifta, men ho ville ikkje ut med det, heller ikkje til farmasöyt Nordal ville ho seie det. Syster mi og brukte medisinen og vart god att, kva no det var som hjelpte. Medisinen var tillaga av blomstrar og maurböle (hestemaur), har eg höyrt. Ho sende medisin over heile landet. Han

16726

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

*skulle både bakast inn 
og smyrjast på. Nō ~~kanske~~
~~ho~~ <u>overlaka</u> er det dottera
som har overteke produksjonen.
Vil De vite meir, så
kan De skrive til:

Slektningane til avdøde
fru Sefora Myklebust,
<u>Syvdsbotn</u>,
Betre adr. veit ikkje eg.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 16726